

ANETAVLE

for Einmo slekta, og etterkomarane etter Mons Cornelius Jensen og kona hans Adrianna Andreasdotter, som kom til garden Einmo i 1832.

Det har lenge vore i mine tankar å samle dei opplysningar som var å få tak i på rimelig vis, om forfedrane våre. Og i mange år har eg prøva å samla stoff til ei slik ættehistorie, men det viser seg at noko fullstendig arbeid, som går langt nok tilbake i tid, det let seg ikkje gjere å få til utan å spandere svert mykje av både tid og pengar med gransking i dei forskjellige arkiv.

Utenom det som eg har fått tak i gjennom munnleg tradisjon, så har eg tydd til manntala frå 1664, 1701, 1801, 1865, 1875 og 1900. Så har eg kjerkebøkene frå 1714 til 1890, lens og skattebøkene frå 1610 og til sist på 1800 talet, og skifteprotokollane.

Desse har jo vore gode å ty til for å få fram til rette årstal, som på "folkemunne" ofte viste seg å vere nokså misssvisande.

Når eg no har avslutta arbeidet, så er eg klar over at det er vorten eit nokså ufullstendig amatørarbeid, men kanskje det likevel kan gje både nolevande og komande slekter som er interessert i å finne fram til sine "røter" eit lite innblikk i historia åt forfedrane sine. Dei som har interesse av det kan då kanskje bygge vidare på dette ned mot nyare tid.

Eg kunne nok ha gått lengre tilbake i tida, men dei opplysningane som eg har er delvis nokså usikre, og då særleg på grunn av dei mange giftarmål, der det var både 3 og 4 sorter barn i same familien. Eit av måla mine var at dei data som eg tok med skulle vere korrekte, og då heller sløyfe slikt som kunne føre på villspor.

Det er då å håpe at nokre i familien kan finne noko av interesse for seg i dette amatørarbeidet.

Harald Einmo.

1987